


rapport

Skifte kurs?

*Rapport om digital kompetanse
i ny barnehagelærerutdanning*




**BARBRO HARDERSEN
MONICA JENSSEN**

**SENTER
FOR IKT I
UTDANNINGEN**

Skifte kurs?

*Rapport om digital kompetanse
i ny barnehagelærerutdanning*



**BARBRO HARDERSEN
MONICA JENSSEN**

Om Senter for IKT i utdanningen.

Senter for IKT i utdanninga blei oppretta 1. januar 2010 og er underlagd Kunnskapsdepartementet. Senteret skal bidra til økt kvalitet i opplæringa med bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) for barn i barnehagane, elevar i grunnsopplæringa og studentar i lærar- og barnehagelærarutdanninga.

Rettigheter.

Materialet i denne publikasjonen er omfattet av åndsverklovens bestemmelser. Materialet i denne publikasjonene er videre tilgjengelig under følgende Creative Commons-lisens: Navngivelse-DelPåSammeVilkår 3.0 Norge, jf: <http://creativecommons.org/licenses/by-sa/3.0/no/>.

Det innebærer at du har lov til å dele, kopiere og spre verket, samt å bearbeide (remikse) verket, så fremt følgende to vilkår er oppfylt:

Navngivelse

Du skal navngi opphavspersonen og/eller lisensgiveren på den måte som disse angir (men ikke på en måte som indikerer at disse har godkjent eller anbefaler din bruk av verket).

Del på samme vilkår

Om du endrer, bearbeider eller bygger videre på verket, kan du kun distribuere resultatet under samme, lignende eller en kompatibel lisens.



Innholdsfortegnelse

1 Introduksjon	6
2 Om forprosjektet og rapporten	7
Kva for eit problem er det vi prøver å løyse?	7
Dette har forprosjektet levert	8
Arbeidsforma i forprosjektet	9
3 Ny rammeplan for BLU	10
Rammeplanen	10
IKT mellom linene	11
4 Digital kompetanse - drøftingar og innhald	13
Bakgrunn for omgrepet 'digital kompetanse'	13
IKT i barnehagen	16
Profesjonsfagleg digital kompetanse i lærarutdanninga	17
Profesjonsfagleg digital kompetanse i barnehagelærarutdanninga	18
Eit innhald til omgrepet Profesjonsfagleg digital kompetanse	19
5 Frå plan til praksis: Implementeringa av rammeplanen	20
Aktørar	20
"Det digitale toget"	24
Svake punkt som kan undergrave ei heilskapleg satsing	24
6 Skifte kurs?	25
Moglege innsatsområde for å styrke heilskapen	26
Moglege vidare tiltak	27
7 Konklusjonar	29
Vegen vidare	29

1. Introduksjon

Den nye barnehagelærerutdanninga varslar om ein ny kurs for utdanningane, studentane og barnehagane. For at barnehagane skal kunne oppfylle samfunnsmandatet sitt treng dei kompetente tilsette, i tråd med føremålet til barnehagen¹. Ei ny utdanning er eit springbrett for ein ny kurs, også i implementeringa av digitalt innhald. Senter for IKT i utdanninga ser eit høve til eit *saml*a kompetanseløft når det gjeld bruk av informasjons- og kommunikasjonsverktøy (IKT).

Å ruste barnehageungar til å bli frampeikte kloke digitale informasjonssøklarar, sosialt kompetente og demokratiske medborgarar er altså blitt ein del av utdanningsoppgåvene. På papiret. Det er også ein skrikande etterspurnad etter eit digitalt kompetanseløft i alle delane av sektoren. Men korleis gjer vi det i praksis? *Korleis* skiftar vi kurs?

Kunnskapsdepartementet har gjeve Senter for IKT i utdanninga mandat til å styrke kvaliteten ved digital kompetanseutvikling i barnehagesektoren. Vi har med det 3-årige barnehageprosjektet lagt grunnsteinen for å fremje bruk av IKT i alle delane av barnehagesektoren, noko som no også kjem utdanningane til gode. Gjennom eit oppsøkjande og tett samarbeid med praksisfeltet har vi nøye kartlagt det digitale barnehagelivet, korleis sektoren sjølv kan hjelpe til å styrke kvaliteten i barnehagane, og kor det er flaskehalsar som seinkar implementeringa av ein digital praksis. Alle desse erfaringane kan ei ny utdanning dra nytte av.

Ein gjer digitalt kompetanseutvikling i barnehagesektoren best ved ei heilskapleg tilnærming der mange dreg lasset samstundes. Om vi skal lukkast i ei nyansert og dugande implementering av digital kompetanse er barnehagelærerutdanninga ein sentral aktør. Samstundes ser vi verdien av å snakke same «språk» som barnehagefolket. Bruk av IKT i barnehagane skal ikkje gå på kostnad av den tradisjonsrike og stolte barnehagekulturen vi har; desse to skal gå saman inn i framtida. Den nye rammeplanen for barnehagane, som skal vere operativ frå 2015, kan vere med på å styrke heilskapsfokuset i sektoren. Rammeplangruppa har fått i oppdrag å vurdere og fremje forslag om revideringar, mellom anna med tanke på «relevante samfunnsendringar (under dette bruken av IKT)»².

Eg er stolt og glad for å med denne rapporten kunne leggje fram dei siste funna og fruktene av den 3-årige barnehagesatsinga til senteret, ikkje minst ved å kunne presentere eit første forslag til kva innhaldet i profesjonsfagleg digital kompetanse er for barnehagefolk. Ved å konkret seie *kva* og *korleis* utdanningane skal sikre at studentane har med seg digital bagasje i yrkeslivet, er lista lagt for kor vi ønskjer at utdanninga og barnehagane skal i framtida.

Vi håpar at dette vil skape inspirasjon og vidare utvikling av kva profesjonsfagleg digital kompetanse er i teori og praksis, når både utdanningane og barnehagane ser til at teknologien styrkar profesjonsutøvinga. Vi vil aldri kome i mål med dette arbeidet, teknologi og læring er i stadig endring, det er difor feltet er så spanande!

Med dette vil eg rette ein særskild takk til prosjektgruppa med Cecilie Stranger-Thorsen (STRANGER) og rådgjevar Monica Jenssen (Senter for IKT i utdanninga) for eit strålende og lærerikt arbeid. Takk også til alle som har gjeve bidrag i utdanningane, barnehagane og andre som har heia eller hjelpt til! No er utdanningane i rørsle, det er no vi har sjansen. Lukke til!

Oslo 22.11.13

Barbro Hardersen,

Seniorrådgjevar Senter for IKT i utdanninga, prosjektleiar for barnehagesatsinga og forprosjektet.

1 Jfr. Rammeplan for innhald og oppgåver i barnehagane (2013) og § 1,2 og 3 i Barnehagelova.

2 <http://www.udir.no/Barnehage/Rammeplan/Ny-rammeplan-i-2015/>.

2. Om forprosjektet og rapporten

Kva for eit problem er det vi prøvar å løyse?

Den nye rammeplanen for barnehagelærerutdanning³ representerer eit stort steg framover for digital kompetanse i utdanninga. Når rammeplanen for første gong tek til å gjelde hausten 2013 skal alle dei 18 utdanningsinstitusjonane med barnehagelærerutdanning⁴ sjå til at studentane har brei kunnskap om dei «gryande digitale dugleikane»⁵ som ungar har. I tillegg blir det for første gong nemnt digital kompetanse i profesjonsfaglege samanhengar i retningslinene⁶ som høyrer til, og som ein del av læringsmåla.

Retningslinene slår fast at utdanninga skal sikre systematisk arbeid med utviklinga av den digitale kompetansen til studentane. Kva betyr eigentleg dette kravet i praksis? Med dette forprosjektet har Senter for IKT i utdanninga (etter dette berre IKT-senteret) sett søkelys på desse problemstillingane:

- Kva er digital kompetanse i barnehagelærerutdanninga?
- Korleis ser vi til at barnehagelærarane kjem ut i arbeid med ei brei forståing av digital kompetanse?
- Korleis kan vi sikre at alle utdanningsinstitusjonane er ein del av denne utviklinga?
- Kva for rolle har barnehagane i utvikling av digital kompetanse i universitets- og høgskolesektoren?

FOR Å ADRESSERE PROBLEMSTILLINGENE HAR FORPROSJEKTET:

- Innhenta informasjon om rammeverket og perspektiv på IKT i utdanningssektoren
- Kartlagt status for implementeringsarbeidet
- Undersøkt kva for forståing av digital kompetanse som ligg til grunn for dette arbeidet
- Undersøkt kva for utfordringar som er størst i dette arbeidet
- Undersøkt om det finst grunnlag for vidare innsatsar på området

³ Forskrift om rammeplan for barnehagelærerutdanninga, Kunnskapsdepartementet 2012. Sjå: <http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2012-06-04-475>.

⁴ Liste over barnehagelærerutdanningar: utdanning.no/studiebeskrivelse/barnehagelaererutdanning.

⁵ Forskrift om rammeplan for barnehagelærerutdanning: § 2. Læringsutbytte, Kunnskap.

⁶ Nasjonale retningslinjer for barnehagelærerutdanning, Kunnskapsdepartementet 2012. Se: www.regjeringen.no/upload/KD/Vedlegg/UH/Rammeplaner/Barnehagelaerer/Nasjonale_retningslinjer_barnehagelaerer-utdanningen04juni.pdf.

FORPROSJEKTETS LEVERANSER

Forprosjektet har over ein periode på 10 veker:

- Halde workshopen *Skifte kurs?* i Oslo den 26.09.13, med om lag 40 deltakarar frå 17 av dei 18 barnehagelærerutdanningane (BLU), barnehagar og andre interessentar.
- Etablert kunnskapsdelingsforumet / bloggen *Digital samlingsstund?*, samt ei lukka Facebook-gruppe⁸ for informasjonsdeling og dialog mellom deltakarane på workshopen.
- Gjort djupdykk i arbeidet med digital kompetanse i BLU gjennom dialogen med utdanningane, samt seks djuptgåande intervju⁹ med sentrale aktørar.
- I etterkant av prosjektperioden er røynslene samla i rapporten *Skifte kurs?*

Denne rapporten oppsummerer konklusjonane frå arbeidet, men er også meint som eit startpunkt for ein breiare diskusjon og vidare arbeid på feltet, der aktørar frå både utdanningane og barnehagane blir involverte.

Avgrensingar

Forprosjektet har fokus på digital kompetanse på barnehagelærerutdanningsnivået. Utgangspunktet har vore å identifisere kva digital kompetanse utdanningane må gje studentane for at dei skal kunne utøve profesjonen sin. Indikatorane for digital kompetanse må difor også gjelde for utdannarane sjølve. Målet til prosjektet har ikkje vore å utarbeide eit innhald for digital kompetanse for ungar eller diskutere rammevilkåra for digital kompetanse i barnehagen.

Dette er til tider ei vanskeleg grensedraging, då dei høva studentane har til å bruke sin digitale kompetanse i arbeidslivet blir påverka av situasjonen som møter dei: tilgang på utstyr og kompetansen hjå eigarar, styrarar og pedagogar. Vi må difor først sjå litt breidt på heile sektoren for å seinare skape oss eit bilete av dei sentrale aktørane og for å kunne diskutere kva tiltak som er sentrale på utdanningsnivået i kapittel 6 i rapporten. Likeeins må vi også ha den digitale kompetansen til ungane i hug når vi snakkar om den digitale kompetansen til barnehagelærerutdanninga.

For å kunne skape varige endringar og tiltak som går i same retninga må ein kombinere tiltak på utdanningsnivået med tiltak på barnehagenivået. I arbeidet som går føre seg med ny rammeplan for barnehagen vil denne rapporten kunne fungere som eit kunnskapsgrunnlag om korleis digital kompetanse i utdanningane er med på – og er ein føresetnad for – digital kompetanse i barnehagen.

Avgrensingane i konklusjonane til denne rapporten om moglege tiltak bør ikkje stå til hinder for å sjå utdanning og praksisfelt i samanheng. Som den vidare analysen vil vise er den digitale kompetansen og motivasjonen vel så stor i barnehagane rundt i landet som han er i utdanningane, og etterspurnaden etter eit tettare samarbeid er stor.

⁷ <http://digitalsamlingsstund.wordpress.com>.

⁸ <http://www.facebook.com/groups/digisam>.

⁹ Intervju i djupna vart gjort med:

- Helge Habbestad, studieleiar UiT, Norges arktiske universitet, campus Tromsø
- Henriette Jæger, høgskolelektor, Høgskolen i Oslo og Akershus
- Magnus Nohr, ansvarleg for IKT-undervisinga på grunnskolelærerutdanninga, Høgskolen i Østfold.
- Aud Marie Stundal, studieleiar og Hege Gjerde, høgskulelektor, Høgskulen i Sogn og Fjordane
- Margrethe Jernes, førsteamanuensis Universitetet i Stavanger
- Mimi Bjerkestrand, leiar av Følgjegruppa for barnehagelærerutdanninga.

Arbeidsforma i forprosjektet

Forprosjektet er eit prøveprosjekt i eit nytt terreng. Utdanningane har akkurat starta opp med å gjere seg røynsler med implementering av rammeplanen¹⁰. Det har ikkje vore mogleg med noko brei kartlegging av statusen i implementeringsarbeidet – fordi det først og fremst har vore naudsynt å identifisere indikatorar på digital kompetanse og gjere ei grunnleggjande undersøking av sentrale utfordringar og moglege tiltak.

Det har difor blitt prioritert å gå i dialog med aktørane på feltet, kartleggje status, ankre fast arbeidet og dele funn og konklusjonar undervegs i sosiale medium. Denne dialogen har vore sentral for resultatane forprosjektet har oppnådd. På workshopen *Skifte kurs?* heldt fire ulike aktørar frå barnehage og utdanning innleiingar om «digital kompetanse» i praksis, som ein oppstart til diskusjonane for korleis deltakarane kunne definere denne.

IKT-senteret har, gjennom arbeidet med kompetanseutvikling hjå barnehagetilsette, alt erfart kor viktig det er at barnehagelærarane får egne erfaringar og «aha»-opplevingar med digitale verkøy og metodar. I gruppearbeidet med å diskutere utfordringar og tiltak fekk deltakarane sjølve teste digitale verkøy: Blogg, Facebook, Padlet. Slik skaper ein røynsler og innsikt hjå utdannarar om at ein må kjenne seg trygge på verkøya for å kunne lære dei bort. Desse metodane skaper også motivasjon til både eigenutvikling og vidare arbeid i den egne institusjonen.

Forprosjektet har slik sett i gang eit endringsarbeid og har opna ein kanal for dialog med dei som er aktørar og interessentar innanfor barnehagelærarfeltet. Det er å håpe at metodane til forprosjektet aukar kor relevant konklusjonane til denne rapporten er, ettersom aktørane har fått gått gjennom og kvalifisert desse undervegs. Ei slik arbeidsform aukar også medanvaret hjå aktørane¹¹. Gjennom den vidare aktiviteten på bloggen og Facebook-gruppa kan deltakarane sjølve halde fram dialogen¹².

For å skape varige endringar og nye tiltak er vi avhengige av å ha eit større tal på deltakarar og gjennomføre ei meir systematisk undersøking av status for kartlegginga, der vi også tek med kvantitative målingar. Med kunnskapen som her er kome fram vonar vi alt ligg til rette for at dette kan la seg gjere.

¹⁰ Med unntak av Høgskulen i Sogn og Fjordane, som har vore pilotutdanning i 2012-2013, var utdanningane sine første erfaringar med den nye rammeplanen ved skolestart hausten 2013.

¹¹ Idéen om eit nettverksoversyn, med kontakinfo til alle utdanningar og lenkjer til programplanar, vart lagt inn på bloggen. Dette tiltaket vart også spontant etterspurd på workshopen, men det viste seg vanskeleg å få respons når nettverket sjølv vart bede om å leggje inn denne informasjonen. Slike testar på interesse er kanskje gode indikatorar på kva som er viktig og realistisk i kvardagen, og det vil kunne vere viktigare å kunne prioritere i høve til slike signal enn å gjennomføre ein plan som er fastsett på førehand - også i det vidare arbeidet.

¹² Den 31.10.13 ble Facebook-gruppa overlate til workshop-deltakarane sjølve, dei fekk alle status som administratorar slik at det vidare arbeidet blir styrt av nettverket. I løpet av dei tre vekene sidan denne overleveringa har gruppa auka med 50%, fra 48 til 72 medlemmer, ein god indikasjon på at workshop-deltakarane sjølve ser eit behov for å bygge nettverk og inkludere kollegaene sine i dei vidare diskusjonane.

3. Ny rammeplan for BLU

Rammeplanen

Då den nye barnehagelærerutdanninga tok til å gjelde hausten 2013, skifta utdanninga namn frå «førskolelærerutdanning». Den nye rammeplanen for barnehagelærerutdanninga slår for første gong fast at barnehagelærerutdanninga skal sjå til at studentane skal ha:

... brei kunnskap om språkutvikling hjå ungar, kva det vil seie å vere fleirspråkleg, kunnskap om språkutviklinga til ungar, korleis dei sosiale, fysiske og skapande utviklingane og gryande digitale-, lese-, skrive- og mattedugleikane til ungane er¹³.

For å kunne ha ein brei kunnskap om tidlege digitale dugleikar til ungar krev det digital kompetanse. Rammeplanen nemner slik digital kompetanse eksplisitt under læringsutbyggjeskildringane for kunnskapar, men ikkje under læringsutbyggjeskildringane for dugleikar eller ålmenn kompetanse. Lesaren sjølv må såleis ha kunnskap og motivasjon til å «lese mellom linene» at digital kompetanse er ein naturleg del av dei andre måla for utdanninga.

Retningslinene

Utover rammeplanen nemner retningslinene: *Nasjonale retningslinene for barnehagelærerutdanninga¹⁴*, digital kompetanse i fleire samanhengar, både i den ålmenne delen og i to av dei seks kunnskapsområda:

FRÅ DEL 1, ÅLMENN DEL – ORGANISERING, STRUKTUR OG INNHOLD:

- Studentane skal øvast både i munnleg, skriftleg (bokmål og nynorsk) og praktisk framstilling, og skal få erfaring med å nytte digitale verktøy i profesjonssamanheng (4. Utdanningas struktur og innhald, avsnitt 4.2, pkt. e: Arbeidsformer og vurderingsformer).
- Ein av føresetnadene for profesjonell yrkesutøving er å bruke norsk språk munnleg og skriftleg og digitale verktøy på ein kvalifisert måte i ulike samanhengar. Denne kompetansen blir utvikla som ein del av dugleikane i alle kunnskapsområda (5. Kvalitetskjenneiteikn ved ny barnehagelærerutdanning, 5.2. Profesjonsretting).
- Programplanen skal sikre systematisk arbeid med utvikling av munnleg, skriftleg og digital kompetanse til studentane (6. Indikatorar for ny barnehagelærerutdanning, 2. Profesjonsretting, Pkt. IV).

FRÅ DEL 2, NASJONALE RETNINGSLINER FOR KUNNSKAPSOMRÅDE:

- Studenten har kunnskap om kva ulike pedagogiske og digitale verktøy har å seie for å fremje læring og leik hjå ungar og korleis desse kan brukast kreativt og kritisk (Læringsutbytte for kunnskapsområdet Utvikling, leik og læring til ungar).
- Sentralt i kunnskapsområdet er å kvalifisere studenten til å arbeide med korleis ungar møter eit mangfald av kunst- og kulturuttrykk. Ei viktig side ved denne kompetansen er å bruke digitale medium på kreative og reflekterte måtar (Læringsutbytte for kunnskapsområdet Kunst, kultur og kreativitet).

¹³ Forskrift om rammeplan for barnehagelærerutdanninga: § 2. Læringsutbytte, Kunnskapar.

¹⁴ Nasjonale retningslinjer for barnehagelærerutdanninga, Kunnskapsdepartementet 2012.

- [Studenten] har kunnskap om musikalitet og musikalisk utvikling til ungar, deira utvikling i skapande arbeid innan digital og to- og tredimensjonale former og uttrykk, og om estetiske dimensjonar og formmessige element i ungar si dramatiske leik og utvikling (Læringsutbytte for kunnskapsområdet Kunst, kultur og kreativitet).
- Retningslinene slår fast at digitale verktøy skal brukast i ein profesjonssamheng og at desse skal brukast på ein *kvalifisert* måte i *ulike* samanhengar. Dette er nytt, og det blir overlata til utdanningane sjølve å finne ut kva desse formuleringane betyr: Kva innhald utdanninga må inkludere og korleis ein brukar digitale verktøy i barnehageprofesjonen (i motsetning til andre profesjonar).
- Retningslinene, som blir utarbeidde av Rammeplanutvalet, er utfyllande og rettleiande for utdanningane. Dei formuleringane som vi finn her om digital kompetanse veg dimed ikkje like tungt som formuleringar i retningslinene. Det er likevel ingen tvil om at utdanningane etter dette må sjå til at uteksaminerte studentar har digital kompetanse.

IKT mellom linene

I både rammeplanen og i retningslinene er det fleire stader der «digital kompetanse» ikkje blir nemnt konkret, men kor ein med eit digitalt perspektiv kan sjå at det er ein føresetnad med digital kompetanse hjå utdannarar og studentar. Nokre utvalde døme på dette frå Del 1 og 2 i rammeplanen:

DEL 1, ÅLMENN DEL – ORGANISERING, STRUKTUR OG INNHOLD:

- Vurderingsformene skal hjelpe studentane til å sjå samheng mellom praksis og teori, samheng mellom dei ulike kunnskapsområda, og bidra til læring og personleg utvikling (4.2 Arbeidsformer og vurderingsformer).

Vurderingsformene bør også innehalde eit digitalt perspektiv. Mange studentar må til dømes levere handskrivne eksamenar. Her les vi også inn at studentane får røynsle med å levere arbeid i digitale mapper, ei vurderingsform som kan overførast direkte til arbeide med mapper til barnehageungar.

- Variert praksis inneber at studentane får erfaring med ulike sider av barnehagelæreryrket i eit barnehagefelt prega av endring, mangfald og kompleksitet.

Her kan ein lese inn at studentane blir pålagde refleksjonsnotat, oppgåver og/eller gjennomføring med eit IKT-perspektiv.

- Utdanninga førebur studentane på dei krav og forventingar som samfunnet stiller til barnehagen ved å forhalde seg aktivt til samfunnet og samfunnsendringar som vedkjem barn, familiar, oppvekst og barnehage (5.2 Profesjonsretting).

Samfunnet sett krav til oss som kyndige brukarar av IKT til kvardagslege gjeremål på nett, eller ved å halde oss oppdaterte på ny teknologi eller medieinnhald som ungane er kjente med eller opptekne av.

DEL 2, NASJONALE RETNINGSLINER FOR KUNNSKAPSOMRÅDE:

Kunnskapsområdet omfattar utvikling, leik og læring til ungar i eit samfunn som er prega av mangfald, endring og kompleksitet. Kunnskapsområdet skal gje forståing og innsikt som barnehagelæraren må ha for å kunne leggje til rette for og leie leik, læring og danningssprossar.

Det er openberrt at den verkelege verda til ungar inkluderer digital leik, digital læring og digitale danningssprossar.

Leining, samarbeid og utviklingsarbeid

Dette kunnskapsområdet tematiserer pedagogisk leining i barnehagen, personalleining og leining av endrings- og utviklingsprossar i eit mangfaldig barnehagemiljø samt samarbeid med føresette og eksterne instansar. I kunnskapsområdet blir det lagt vekt på forståing av korleis leiarhandlingar kan vere med på å styrke barnehagen som lærings- og utviklingsarena og sikre eit likeverdig og inkluderande fellesskap for ungar, føresette og personale. Rettleining og leining av læringsprossar til ungar og medarbeidarar har ein sentral plass samt bruk av ulike metodar og verktøy som eignar seg for å utforme strategiar, setje i gang og leie utviklingsarbeid.

I dette avsnittet om leining, utvikling og samarbeid, kunne ein lagt til eit digitalt perspektiv i kvar setning. Å vere leiar i barnehagen har mange fasettar, og det er mange ulike arbeidsoppgåver som har eller bør ha eit IKT-perspektiv. Dette krev ein digital kompetanse knytta til utfordringar om tryggleik og personvern. Barnehagelæraren må også kunne vere rettleiar og «fyrtårn» når det gjeld digitale aktivitetar i barnehagen: administrativt, pedagogisk og i alle samarbeidssprossar. Det ville kunne vore interessant med ein eigen studie av korleis utdanningane tematiserer og rustar studentane til å bli digitale leiarar, i dei endrings- og utviklingsprossane som her blir skildra.

Rammeplanen skildrar ei utdanning med ein "heilskapleg profil [som] inneber at læringsarenaene utfyller kvarandre og at kunnskapsområda samla utgjør ein heilskap". Det krev eit øva blikk og medvit for å kunne lese inn eit digitalt perspektiv der det ikkje står tydeleg i rammeplanen og for å sjå digitale verktøy i samanheng med dei overordna målsetjingane til rammeplanen.

Når den nye barnehagelærarutdanninga har gått frå 10 fag til 6 kunnskapsområde, blir det i endå større grad enn før understreka behovet for å tenkje tverrfagleg. I tillegg til å vere ei spegling av praksisen i barnehagane legg dette tverrfaglege perspektivet opp til at digital kompetanse også blir integrert i alle kunnskapsområda, og også på denne måten implisitt pålegg utdanningane å gje studentane digital kompetanse.

Å lese inn eit IKT-perspektiv i desse tekstane / sentrale kunnskapsområda føreset at lesaren er digitalt mogen, at vedkomande har kome langt i arbeidet med å kople IKT på sine eigne sprossar rundt barnehageprofesjonen. Dette er vanskeleg å sikre utan at digital kompetanse blir spesifisert under alle læringsutbytteskildringane, både som dupleikar, kunnskapar og ålmenn kompetanse.

Å inkludere digital kompetanse i barnehagelærarutdanninga handlar såleis ikkje berre om dupleik og verktøy. Det handlar om å øve opp eit digitalt perspektiv hjå både utdannarar og studentar, slik at dei implisitte verknadene av IKT ikkje blir oversette. Å etablere ein digital læringsarena tidleg i utdanningane gjer at eit slikt perspektiv naturleg inngår i heilskapen til utdanninga.

4. Digital kompetanse – drøftingar og innhald

Bakgrunn for omgrepet ‘digital kompetanse’

Omgrepet ‘digital kompetanse’ rommar fleire tidlegare definisjonar og tradisjonar som det kan vere interessant å nemne når vi skal sjå nærare på kva omgrepet har å seie i ein barnehagefagleg samanheng.

Som vi vil vise i denne gjennomgangen er vi framleis i ein oppstartsfase når det gjeld medvit og definering av digital kompetanse, og det er fleire omgrep som her tangerer kvarandre. Og samstundes er det viktig å hugse at både teknologi og dugleikane til ungar stadig er i utvikling. Vi kjem såleis aldri til å kome i «mål» - til ein definisjon vi kan halde fast i over lengre tid. Det viktigaste er difor at vi lagar eit grunnlag for dei vidare diskusjonane, ein arbeidsdefinisjon som vi kan bruke når rammeplanen skal implementerast og som stadig kan vidareutviklast.

Kompetanse-omgrepet som vi brukar her er den norske omsetjinga av det engelske *Literacy*-omgrepet, som frå 70-talet og framover får kjenneteikne idealet om at mediekompetente unge og vaksne meistarar *språket* til mediane (skildra som *Film / Media / Information Literacy* etter kvart som fleire medie og medieuttrykk blir tekne inn i falden), dette vil seie evna til å kunne avlese, analysere og produsere medieprodukt. Dette har både i skole- og barnehagesamanheng blitt omtalt som *det utvida tekstomgrepet*.

Der *Media Literacy* frå starten av (70-talet) er knytt til ideologikritikk der særleg populærkulturen blir sett på som eit uttrykk for ein samfunnsorden og kommersiell påverknad som elevar skal lære seg å sjå gjennom, er satsingane på IT frå 90-talet og framover monaleg meir teknologi-positive. I dag er eigenproduksjon sentralt både som utgangspunkt for eigne kreative uttrykk og som inngangsport til kritisk refleksjon i begge tradisjonane.

I dag opererer Unesco med omgrepet Media and Information Literacy (på norsk Medie- og informasjonskunnskap)¹⁵ som akkopagnement til IKT (Informasjons og kommunikasjonsteknologi), altså eit omgrep som rommar både teknikk og bodskap, kunnskapar og dugleikar.

¹⁵ Ulla Carlsson (red.) Medie och informationskunnighet i nätverkssamhället. Skolan och demokratin, Nordicom 2013

Unesco operasjonaliserer omgrepet med følgjande dugleikar:

Media Literacy

Understand the role and functions of media in democratic societies.	Understand the conditions under which media can fulfil their functions.	Critically evaluate media content in the light of media functions.	Engage with media for self-expression and democratic participation.	Review skills (Including Information and Communication Technology, ICT) needed to produce user-generated content.
---	---	--	---	---

Information Literacy

Define and articulate information needs.	Locate and access information.	Assess information.	Make ethical use of information.	Communicate information	Use ICT skills for information processing
--	--------------------------------	---------------------	----------------------------------	-------------------------	---

I vår samanheng må vi kunne sjå digital kompetanse som ei spegling av *Medie- og informasjonskunnskap*. I Kunnskapsløftet vart digitale dugleikar etablerte som ein av fem sentrale grunnugleikar i grunnskolen, saman med det å lese, skrive, rekne og munnleg framføring:

Digitale dugleikar vil seie å forsvarleg og etter meininga kunne bruke digitale verktøy, medium og ressursar for å løyse praktiske oppgåver, hente inn og handsame informasjon, skape digitale produkt og kommunisere. Digitale dugleikar femnar også om det å utvikle digital dømmekraft gjennom å tileigne seg kunnskap og gode strategiar for nettbruk.¹⁶

Her ser vi at dugleiksomgrepet ikkje berre handlar om teknisk handtering av verktøy, men også å kunne bruke og avkode innhald og eigen produksjon.

¹⁶ Rammeverk for grunnleggjande dugleikar, s. 6. Utdanningsdirektoratet www.udir.no.

Det same rammeverket operasjonaliserer dessutan digitale dugleikar i ulike dugleiks-område og ulike nivå.¹⁷

Digitale ferdigheter som grunnleggende ferdighet					
Ferdighets-område	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Nivå 4	Nivå 5
Tilegne og behandle	Leser hypertekst og enkel interaktiv informasjon og bruker bilde- og ikonbasert navigasjon	Gjør enkle digitale søk, og lesar og tolkar informasjon fra digitale kilder. Brukar enkle digitale ressurser og verktøy for informasjonsbehandling og læring.	Velger og vurderer informasjon og søkestrategier fra digitale kilder. Brukar ulike digitale verktøy og ressurser for informasjonsbehandling og læring.	Filtrerer, omformer og sammenstiller informasjon fra digitale kilder. Brukar relevante søkeverktøy og behersker søkestrategier i arbeid med fag.	Innhenter og organiserer løpende oppdatert digital informasjon. Brukar avanserte søkestrategier og kilder i arbeid med fag.
Produsere og bearbeide	Skrivar enkle tekster på tastatur og lager enkle digitale sammensatte tekster. Kjenner til enkel digital kildebruk og opphavsrett.	Lager digitale sammensatte tekster med ulike elementer og enkle digitale formkrav. Brukar enkel digital kildebruk og opphavsrett, også ved gjenbruk og vidareutvikling.	Lager digitale sammensatte tekster med lenket innhold. Forstår og brukar digitale formkrav i egne tekster. Refererer til digitale kilder og brukar reglar for opphavsrett.	Produserer og redigerer digitale sammensatte tekster. Refererer til og vurderer digitale kilder i aktuelle faglige situasjonar.	Velger og brukar digitale verktøy ut fra behov, digitale formkrav, arbeidsform og mottakere. Forvaltar opphavsrett på egne digitale produkter. Beherskar digital kildehenvisning.
Kommunisere	Brukar enkle digitale verktøy og medier i presentasjon og kommunikasjon	Brukar et uvalgt digitale verktøy og medier i presentasjon og kommunikasjon.	Brukar ulike digitale verktøy og medier for å formidle et budskap både i enkelt- og i gruppekommunikasjon.	Brukar digitale medier og verktøy for å formidle et budskap presist for kommunikasjon og dokumentasjon.	Velger, vurderer og brukar digitale kommunikasjonsverktøy og medier ut fra ulike faglige behov.
Digital dømmekraft	Følgjer enkle reglar for digital samhandling. Kjenner til enkle reglar for personvern på internett.	Brukar grunnleggende nettvett og har kunnskap om reglar for personvern på internett.	Brukar nettvett og følgjer reglar for personvern på internett og i sosiale medier.	Brukar Internett og sosiale medier forsvarleg.	Har evne til etisk refleksjon og vurdering av Internett og sosiale medier som kommunikasjon- og informasjonskanal.

I denne rapporten vil vi bruke omgrepet IKT for å skildre digitale verktøy og medieinnhald. Det ålmenne omgrepet digital kompetanse vil vi bruke breidt, for å skildre dugleikar i bruken av digitale verktøy, evne til å lese av og analysere medieinnhald, knytta til det ålmenne danningomgrepet.

Men ein ålmenn definisjon av digital kompetanse held ikkje om vi vil kunne diskutere det spesifikke barnehagefaglege. Som vi ser av operasjonaliseringa over er indikatorane på digital kompetanse i skolen knytta til både ein skolespesifikk undervisningssituasjon og til dugleikar og alderstrinn tilpassa kvardagen i skolen, og ikkje barnehagen.

Som vi har sett i kapittel 3, blir det i rammeplanen referert til dei gryande digitale dugleikane til små ungar. Desse gryande dugleikane vil vere ein naturleg oppstart og overgang til dugleiksområda i grunnskolen og den vidare nivåoppbygginga i utdanningssystemet. Det står likevel att å lage ei like detaljert operasjonalisering av digital kompetanse for barnehageungar.

¹⁷ Ibid., s. 7.

IKT i barnehagen

Som vi har sett er digitale dugleikar med Kunnskapsløftet integrert i rammeplanverket til grunnskolen. Men der digital kompetanse i skolen blir rekna som basisvare, har det i barnehagesamanheng fram til no vore meir å rekne som eit eksklusivt – og friviljug – krydder. Formuleringa om digital kompetanse i rammeplanen for barnehagen seier: «Ungar bør få oppleve at digitale verktøy kan vere ei kjelde til leik, kommunikasjon og innhenting av kunnskap». ¹⁸ Dette framstår som ei oppfordring, ikkje eit krav.

Barnehagesektoren vart ikkje omfatta av sidestillinga av digitale dugleikar i Kunnskapsløftet med dei andre grunnleggjande dugleikane. Dette blir også spegla i situasjonen på praksisfeltet: IT-opprustinga av skolane på 90-talet og framover kom ikkje til gode i barnehagesektoren. Sjølv i dag er det varierende tilgang på utstyr og nettilgang i mange av barnehagane i landet vårt.

Tradisjonen og arbeidsmåtar i barnehagen inviterer til å ta opp i seg samfunnsendringar: Barnehagen er ein lærande organisasjon som skal spegla samfunnet, noko som er eit mål for både rammeverk og praksis. Den tverrfaglege innretninga til barnehagen så vel som fokuset barnehagelæraren har på barnegruppa og kvar ein skild unge sine føresetnader og interesser, legg til rette for å «snu seg rundt» når omverda krev det.

Dette burde tilseie at IKT-perspektivet vil kunne bli ein naturleg del av utviklinga til barnehagen. Barnehagefaget har likevel vore prega av fråvær av kunnskap eller motstand mot IKT. Ein gjengangar i argumentasjonen er at bruk av IKT er eit trugs-mål mot til dømes tradisjonen i barnehagen med fysisk aktivitet og fri leik. Denne argumentasjonen er i ferd med å vike for nysgjerrig tilnærming og utprøving.

Mange barnehagar brukar IKT med eit pedagogisk forteikn i tru på at ein då «er digital». Eit stort utval av digitale leik-og-lær-tilbod sikrar at barnehagane kan arbeide med både fagområda i rammeplanen og det digitale. Samstundes kan sjangeren *pedagogisk programvare* også skape eit kunstig skilje mellom verktøy som ønskjer å vere pedagogiske og verktøy som blir brukte pedagogisk. All IKT kan ha pedagogisk potensiale, det er opp til barnehagelæraren å ha kompetanse til å utnytte det der ein har best utbytte.

Ei grunnleggjande forståing av korleis digital teknologi og digitalt innhald er ein del av moderne barnekultur må vere fundamentet for å opparbeide vurderingsevne og evne til kritisk bruk. Ein brei digital kompetanse handlar difor om å erkjenne den moderne barnekulturen som utgangspunkt for opplegg i barnehagen. Som rapporten *Småbarns digitale univers*¹⁹ har vist oss, er variasjonen ungar har med IKT stor – mange handsamar fleire digitale univers, andre har inga røynsler.

Evna barnehagelæraren har til å møte ungane der dei er – og arbeide med dei erfaringane og referansene ungane har med seg – blir difor meir sentral i arbeidet med implementeringa av digital kompetanse enn verktøya sjølve blir. Til dømes kan barnehagelæraren kjenna igjen at leiken til ungane er inspirert av Barne-TV og nytte høvet til vidare utforsking i andre univers. På denne måten kan barnehagelæraren utøve og skape digital kompetanse utan å bruke eit einaste skjerm Brett eller kamera.

Som ser her kan vi sjå for oss konturane av ei eiga profesjonsretting i den digitale praksisen til barnehagen. Kva føresetnader gjev dette for digital kompetanse i utdanningane og kva er indikatorane på ein slik kompetanse?

¹⁸ Forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver, Kunnskapsdepartementet 2012, s. 27. Sjå: http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/lover_regler/forskrifter/2011/forskrift-om-rammeplan-for-barnehagens-i.html?id=631906.

¹⁹ Senter for IKT i utdanninga 2011.

Profesjonsfagleg digital kompetanse i lærarutdanninga

I arbeidet med digital kompetanse i barnehagelærarutdanninga kan det vere nyttig å sjå nærare på arbeidet i grunnskolelærarutdanninga (GLU) for å nærme seg ei betre forståing av kva omgrepet har for innhald.

NIFU-rapporten *IKT i lærarutdanninga: På veg mot profesjonsfagleg digital kompetanse?*²⁰ peikar på interessante aspekt ved IKT-satsingar i GLU:

Så lenge ikkje alle fagtilsette i lærarutdanningane er på eit høgt nok «digitalt fagleg nivå» i lærarutdanningane vil dette gå ut over dei høva studentane har til å tileigne seg heilskapleg pedagogisk tilnærming til IKT. Når lærarstudentane i stor grad er prisgjeve «eldsjeler» for å lære om IKT og bruk av digitale verkøy i det pedagogiske arbeidet, blir utdanninga i beste fall noko tilfeldig når det gjeld i kva grad studentane blir førebudde på sjølve å skulle undervise ved hjelp av IKT i eigen lærarprofesjon. Lærarutdanningar som har eigne kompetansemiljø knytte til IKT og læring er viktige drivarar i arbeidet med å få fagtilsette til å arbeide med IKT i den pedagogiske praksisen, men slike miljø har ikkje mandat til å få med alle lærarane, og ofte er det lærarar som alt kan ein del som brukar dei høva til kompetanseutvikling som slike miljø kan hjelpe til med. (s 8)

Innføring av arbeidskrav, det vil seie obligatoriske innleveringar for å kunne gå opp til eksamen, er då døme på korleis digital kompetanse kan takast vare på ved lærarutdanninga. I dette ligg det likevel ein risiko for at digital kompetanse i verste fall berre får ein verktøydimensjon framfor å bli inkludert i ein meir omfattande pedagogisk tilnærming. I slike tilfelle kan arbeidskrav med IKT risikere å bli ei kvilepute eller eit IKT-alibi for lærarutdanninga. Motsett har vi også sett at arbeidskrav med IKT kan bli integrert i meir omfattande læringsprosessar. (s 8)

Rapporten konkluderer altså med at digital kompetanse må omfatte alle kreftene i grunnskolelærarutdanninga og at ein også må ta andre middel i bruk enn dei formelle (arbeids-)krava for å skape ein brei digital kompetanse hjå studentane.

NIFU-rapporten etablerer her omgrepet om «profesjonsfagleg digital kompetanse», altså ein kompetanse ein skal ha i utøvinga av yrket sitt, dette treng ikkje vere det same som ei ålmenn digital kompetanse. Den profesjonsfaglege digitale kompetansen til barnehagelæraren handlar ikkje om å kunne meistre Facebook eller nettbrett, det handlar om å kunne bruke desse verkøya og plattformene i den administrative og pedagogiske praksisen, til dømes for å halde kontakten med foreldre, eller for å kunne delta i leik og dokumentasjon saman med ungane.

Det vil på sikt vere svært interessant å kunne gjennomføre ei liknande, systematisk undersøking av digitale satsingar i barnehagelærarutdanninga som NIFU-rapporten. I dette forprosjektet har vi spegla arbeidet til NIFU-rapporten ved å i første rekkje identifisere eldsjelene og styrke nettverksamarbeida til kompetansemiljøa, ved å saman la dei diskutere nettopp definisjonar av profesjonsfagleg digital kompetanse, arbeidskrav og skildringar for læringsutbytte, digitalt og på ein workshop. Som vi skal sjå er det fleire av konklusjonane som ser ut til å vere dei same på barnehagefeltet.

Men vi kan ikkje ta definisjonen av ein profesjonsfagleg digital kompetanse rett frå skoleverda, barnehagelærarutdanninga må finne sitt eige innhald og mening med omgrepet ankra fast i eigen rammeplan. Gjennom dialogen med aktørane i forprosjektet har forprosjektet teke dei første skritt på vegen mot ein slik definisjon.

²⁰ Forfattarar: Cathrine Tømte, Asbjørn Kårstein, Dorothy S. Olsen. Gjeve ut av Nordisk institutt for studiar av innovasjon, forskning og utdanning, 2013.

Profesjonsfagleg digital kompetanse i barnehagelærerutdanninga

Når dette forprosjektet blir gjennomført har utdanningane akkurat starta med definisjonen av digital kompetanse i den nye barnehagelærerutdanninga gjennom arbeidet med programplanar før oppstarten av det aller første skoleåret.

Valet om å gjere digital kompetanse til ein ålmenn kompetanse i rammeplanen og på denne måten implisitt føresette at denne er «smurd utover» kunnskapsområda, er kanskje gjort for å understreke at digitale verktøy skal vere like naturlege å velje – eller velje bort – som andre verktøy. I tråd med dette har også utdanningane starta med å formulere ålmenne krav om digital kompetanse i sine programplanar²¹, i tillegg til at somme utdanningar framleis tilbyr digitale fordjupningsfag.

Om intensjonen er å sidestille digital kompetanse med andre av læremåla til utdanninga rekk det likevel ikkje å ha digital kompetanse «mellom linene». For å skape medvit om at digital kompetanse er ein naturleg del av barnehagelærerutdanninga må ein først gjennom ein fase der ein tydeleggjer behova, operasjonaliserer dugleikar og formulerer arbeidskrav. Dette kan framstå som paradoksalt om det er ei sidestilling av ulike kompetansar som er målet.

Men i den overgangsfasen vi er i no må digital kompetanse bli operasjonalisert og kartlagt grundig, slik NIFU-rapporten har gjort for lærarutdanninga. Berre slik kan ein følgje utviklinga i dette feltet og kunne diskutere nye innsatsar for kompetanseløft i utdanningane.

Dette forprosjektet ønskjer å ta det første skrittet i denne retninga ved å gje «profesjonsfagleg digital kompetanse» i barnehagelærerutdanninga eit innhald.

²¹ Det har ikkje vore rom for ei grundig analyse og samanlikning av programplanane til dei 18 utdanningsinstitusjonane i dette forprosjektet, men det ville ha vore eit godt tema for vidare arbeid, for å undersøke systematisk korleis formuleringane i programplanane er utforma og korleis dette påverkar implementeringsarbeidet.

Eit innhald til omgrepet Profesjonsfagleg digital kompetanse

Med denne rapporten introduserer vi omgrepet profesjonsfagleg digital kompetanse i ein barnehagefagleg samanheng:

Profesjonsfagleg digital kompetanse i barnehagen tek utgangspunkt i barnehageungen. Med profesjonsfagleg digital kompetanse meiner vi evna barnehagelæraren har til å bruke digitale verkøy både pedagogisk og i eige arbeid. Ein digitalt kompetent barnehagelærer kan bruke IKT mangfaldig og etter kva som er høveleg for å realisere målsettningane i rammeplanen for innhaldet og oppgåvene til barnehagen.

Denne definisjonen byggjer på følgjande vurderingar om det mangfaldige innhaldet i profesjonsfagleg digital kompetanse:

- IKT er ein naturleg del av den pedagogiske praksisen til barnehagen.
- I det pedagogiske tilbodet ser og godkjenner barnehagelæraren det digitale livet til kvar einskild unge som eit utgangspunkt for utviklingsprosessar og danning til ungen.
- I praksis vil dette seie at barnehagelæraren brukar IKT i administrasjon, til foreldrekontakt, til eigne utviklingsprosessar og i eit variert pedagogisk tilbod.
- Profesjonsfagleg digital kompetanse handlar om å ha tilgang til ein brei pedagogisk palett: å kunne bruke eit stort arsenal med digitale verkøy og digitalt innhald på ein dugande måte.
- For å realisere innhaldet og oppgåvene i rammeplanen må barnehagelæraren:
 - Inkludere IKT i praksis i barnehagen der det digitale gjev ein pedagogisk verdi
 - Ha kunnskap og medvit om digitale skiljer og etiske utfordringar
 - Stimulere ungene til å kunne velje, bruke og vurdere²² IKT
 - Stimulere den digitale dømmekrafta til ungene²³ og nettkette gjennom refleksjon og medverknad

Å styrke dette digitale perspektivet i innhaldet og oppgåvene til barnehagen vil gje ungene eigne erfaringar – og såleis byggje gryande digitale dugleikar. Slik blir det også understreka at det er barnehagelæraren sitt ansvar å sikre at ungar sine digitale dugleikar førebur dei til skolestart og krava dei møter i vidare skolegang.

Som vi har sett av NIFU-rapporten krev det at utdannarane også har profesjonsfagleg digital kompetanse for å kunne realisere desse måla. For lærarane i barnehageutdanninga kan vi stø oss til NIFU-rapporten sin definisjon av profesjonsfagleg digital kompetanse i utdanninga som:

... å kunne bruke IKT for å førebu undervisningsopplegg, pedagogisk bruk av IKT i eiga undervisning, i eiga administrativt arbeid og i evaluering og forskning (s. 12).

Dei tilsette i barnehagelærerutdanninga må såleis kunne meistre digitale dugleikar i eige arbeid og kunne bruke desse i pedagogiske samanhengar innan høgskole og universitet for å kunne sikre at framtidige studentar har den same kompetansen.

²² Tilsvarande dugleiksområda Tileigne og behandle, Produsere og bearbeide samt Kommunisere frå Rammeverk for grunnleggjande dugleikar, s. 6, sitert ovanfor.

²³ Sjå operasjonaliseringa frå Rammeverk for grunnleggjande dugleikar, s. 6, sitert ovanfor.

5. Frå plan til praksis: Implementeringa av rammeplanen

Med unntak av Høgskulen i Sogn og Fjordane har barnehagelærerutdanningane i landet berre vore i gang med utrulling av reformen i nokre få veker når dette forprosjektet blir avslutta. Det er difor for tidleg å evaluere implementeringa av rammeplanen i den nye utdanninga.

Deltakarane i forprosjektet har likevel peika på ei rekkje utfordringar til no i arbeidet som ein vil måtte adressere i det vidare arbeidet. Utfordringane er så mange at det for å få ein god oversikt kan vere nyttig å teikne opp landskapet for barnehagelærerutdanninga, aktørane innanfor, utfordringane deira og interessene dei representerer.

Aktørar

Kunnskapsdepartementet (KD)

KD har ansvaret for alle utdanningar, i dette tilfellet både barnehagelærerutdanninga og barnehagen. Det fremste styringsverktøyet for utdanningane som departementet har er rammeplanane, respektive Rammeplan for barnehagelærerutdanning (2012) og den venta revisjonen av rammeplanen for barnehagen (2015).

Som vi har sett over nemner både rammeplanen og retningslinene digital kompetanse og digitale verktøy. I tillegg er det ei rekkje område der eit digitalt perspektiv er sentralt, men der ein ikkje kan ta for gjeve at alle utdannarar les dette inn i formuleringane.

Kunnskapsdepartementet fremjar ei rekkje tiltak for heile sektoren i *Kompetanse for framtidens barnehage 2014-2020, Strategi for kompetanse og rekruttering*. Her blir kompetansen til dei tilsette skildra som den viktigaste enkeltfaktoren for at ungar skal trivast og utvikle seg i barnehagen. Vi må sjå kompetanseløftet i samanheng med den nye barnehagelærerutdanninga, der eit tett samarbeid med praksisfeltet blir trekt fram. Utdanninga skal gjere studentane best mogleg rusta til å møte dei oppgåvene barnehagane i dag står ovanfor.

Senter for IKT i utdanninga (IKT-senteret)

IKT-senteret er underlagt departementet og har til oppgåve å auke kvaliteten i opplæringa med bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi for «sluttbrukarane» i undervisningsinstitusjonane, i denne samanhengen ungane i barnehagane og studentane på barnehagelærerutdanninga. For å nå desse målgruppene må altså dei adresserast som gjev det pedagogiske tilbodet, i denne samanhengen utdannarar (og barnehagelærarar). IKT-senteret er sentralt som politisk pådrivar for IKT-spørsmål, samt som inspirator og samordnar nasjonalt, av digitale delingsressursar, nettverkstreff og liknande. IKT-senteret er avhengig av lokale og regionale samarbeidspartnarar for å ankre fast nasjonale tiltak.

Det ligg i oppdraget og den sentrale rolla til IKT-senteret å tematisere omgrep som «digital kompetanse» og å diskutere innhaldet.

Utdanningane

Det er 18 norske utdanningsinstitusjonar, høgskolar og universitet, som tilbyr barnehagelærarutdanning. Med start hausten 2013 erstattar denne utdanninga den tidlegare førskolelærarutdanninga.

Det er utdanningane som styrar dei overordna rammene for undervisninga, lokalt på utdanningsinstitusjonen. Medvit om det viktige med profesjonsfagleg digital kompetanse må vere til stades i leiinga, slik at IKT blir prioritert og at det finst utstyr og rom for utprøving, pedagogisk og teknisk IKT-support, samt ressursar til kompetansebygging og etterutdanning.

Prioriteringa utdanningsleiinga gjer av FoU-ressursar vil også spegla av prioriteringa av digitale spørsmål.

Studieleiar

Det er studieleiarar, som saman med andre dekanar og resten av leiinga, er ansvarlege for heilskapen i barnehagelærarutdanninga. Studieleiaren har ansvaret for å få utarbeidd programplanar / fagplanar og semesterplanar, i tråd med rammeplanar og nasjonale retningslinjer. Vedkomande har også leiingsansvar for eininga og for digitale spørsmål, saman med andre små og store spørsmål i kvardagen i utdanninga, og overgripande innsatsområde som mangfald og dei aller minste ungane.

Studieleiaren skal sjå til at eit digitalt perspektiv og -aktivitetar er nedfelt i vurderingsformer, arbeidskrav og læringsutbytteskildringar for utdanninga. Studieleiaren er dessutan ansvarleg for strukturelle avgjerder om digitale verktøy i undervisningsmetodane, som å bruke digitale undervisnings- og eksamensformer.

Det er studieleiaren som har ansvaret for at eldsjelene som dreg lasset for digital kompetanse ikkje brenn ut, men at ein står opp under denne drivkrafta til å skape varige endringar, gjennom delingskultur og strukturelle tiltak. Studieleiaren må vere kunnskapsrik om profesjonsfagleg digital kompetanse og dei pedagogiske høva IKT gjev. Han eller ho må også kunne alliere seg med eldsjelene for å skape gode rammer for kompetanseutvikling og mentorskap, for å ufarleggjere digitale verktøy og handsame gamle fordomar.

Det er også ansvaret til studieleiaren å sjå til at det tverrfaglege i studiet inkluderer digital kompetanse - og at denne blir definert og praktisert breitt, både som del av alle fagområda, og som særlege innsatsområde, knytt til dømes nettvett og jus og etikk. Likeeins det viktige av å kjenne til moderne barnekultur og korleis denne kan vere utgangspunkt for arbeid med digital kompetanse i barnehagen.

Faglærarar

Dei tilsette ved barnehagelærarutdanninga har som oftast bakgrunn frå og ansvar for eit fagområde (pedagogikk, norsk, naturfag, musikk og så vidare.). Frå somme faglærarar blir det uttrykt bekymring om knappe tidsressursar, om det er slik at det digitale perspektivet skal gå på kostnad av det faglege - og korleis ein skal greie å halde tritt med utviklinga med omsyn til nye verktøy.

Om den digitale kompetansen ikkje er til stades hjå faglærarane så kan han heller ikkje bli skapt hjå studentane, og frå fleire hald blir det etterlyst både ei betring av kompetanse til faglærarane så vel som ei samling av gode faglege grunngevingar på kvifor vi skal bruke IKT for at alle faglærarane skal oppleve ein nytteverdi av å arbeide digitalt.

For å få alle faglærarane med på laget krev det nye arbeidsmetodar for å sikre tverrfagleg arbeid, eit mål som fleire meiner at den nye utdanninga understøtt ved å ha slått saman ti tidlegare fag til seks kunnskapsområde. Dette tverrfaglege arbeidet er ein føresetnad for å skape ein brei pedagogisk kompetanse hjå studentane der kor IKT er integrert. Det er ønskeleg med ein delekultur på line med den ein har i barnehagen, med mentorskap og deling av gode døme.

I tillegg til god tilgang på utstyr er det sentralt for utdannarane at det finst tid til fordjuping og utprøving av digitale verktøy. Faglærarane bed dessutan om nettverk og nye mentormodellar – ein styrka delekultur både innan utdanninga og på regional og nasjonal basis.

Praksisrettleiar

Praksisrettleiaren koordinerer og strukturerer praksisperiodane til studenten i samarbeid med faglærarane og er bindeleddet mellom utdanningane og praksisbarnehagane. På same måte som med faglærarane er det viktig at desse både har kunnskap og motivasjon til også å rettleie studentane i digitale metodar.

Ønsket om ei tettare kopling mellom praksisfeltet og utdanningane går igjen i diskusjonane av utfordringar i forprosjektet. Ei slik tettare kopling kan både vere som kjelde til informasjon om kva som skjer innan pedagogisk praksis med iKT, og ved å bruke folk frå praksisfeltet som undervisarar i utdanningane.

Barnehagelærarstudentane

Studentane er ei samansett gruppe, og består av både heiltidsstudentar og ei stor gruppe studentar i deltids- og etterutdanningsstudiar. Det er mange studentar som har røynsle frå barnehage og som søker formell utdanning, eller som tek utdanninga i vaksen alder – saman med studentar som kjem rett frå vidareutdanning.

Studentane har for det meste, særleg dei yngre studentane, ein personleg digital kompetanse. Likevel er det mange som ikkje koplar denne til ein profesjonsfagleg digital kompetanse, og ser si eiga erfaring frå sosiale medium eller digitale verktøy som relevant i ein barnehagefagleg samanheng.

Praksisperiodane til studentane blir også nemnt som eit ubrukt høve for tettare samarbeid med praksisfeltet. Praksisperiodane kunne både vere eit høve for studentane til å drive eige IKT-arbeid (sikra ved arbeidskrav i ein eller fleire av praksisperiodane), eller til dømes gje studentane i oppgåve å samle og kategorisere god pedagogisk programvare, for å sjå til at utdanningane var best mogleg oppdaterte.

Praksisbarnehagen

Retningslinene for barnehagelærarutdanninga slår fast at studentane skal ha 3 praksisperiodar over 3 år, der 95 av minimumskravet på 100 skal skje i ein barnehage. Praksiskravet er integrert i alle kunnskapsområda og fordjupningar. I praksisperioden får studenten ein eigen praksisrettleiar i barnehagen.

I motsetning til praksisskolane i grunnskolelærarutdanninga er det ingen krav om digitalt utstyr eller kompetanse i krava til praksisbarnehagar.

Barnehagestyrar / -lærar

Når studentane kjem ut i arbeidslivet er den digitale praksisen deira ikkje berre bestemt av utdanninga, men blir også styrt av kva utstyr og nettilgang barnehagen har, samt kva motivasjon og kompetanse som resten av personalet har. Det blir peika på at det manglar både utstyr og IKT-support i mange av barnehagane rundt om i landet, sjølv om fokus-barnehagane alt ligg i forkant på IKT-området. Elles er det ressurs spørsmål som tid med ungene og kor mange barnehagelærarar på arbeid som styrar kva høve barnehagen har til å aktivt arbeide med IKT.

I den komande studien *BarnehageMonitor*²⁴, ei kartlegging av utstyr, bruk og haldningar knytta til digitale verktøy i barnehagen, seier 74 % av dei spurde at dei ønskjer kurs og etterutdanning i pedagogisk bruk av digitale verktøy (endå fleire ønskjer kurs og etterutdanning i administrative verktøy), dette konkluderer studien med at er eit teikn på høg motivasjon mellom barnehagelærarane, men ei viss rådvill om til kva / korleis ein brukar verktøya.

²⁴ Senter for IKT i utdanninga, desember 2013.

Det blir framheva som viktig å synleggjere, gjennom gode døme og kursing i praktisk bruk, korleis ein kan bruke digitale verktøy i ein pedagogisk samanheng, for at barnehagelæraren skal sjå koplinga mellom nye verktøy og eige virke, og for å kunne utnytte dei verktøya som finst i nærleiken og i barna sine eigne forteljingar og i frileik.

Foreldre

Foreldre er ei sekundær 'sluttbrukargruppe' av barnehagetilbodet. Dei blir sjølvsagt påverka av den pedagogiske bruken av IKT til barnehagen på vegne av ungene, men også direkte, ettersom dei blir involverte i den digitale praksisen til barnehagen gjennom kommunikasjon-, administrasjon- og dokumentasjonsverktøy og -rutiner.

Foreldre er også *portvaktarar* og rettleiarar til ungar sin bruk av IKT på fritida. Rapporten *Småbarns digitale univers*²⁵, basert på intervju med foreldre om ungar sine digitale vanar på fritida, konkluderte med at sjølv om det finst store variasjonar i gruppa 0-6 år er mange ungar, også dei yngste, brukarar av digitale verktøy til leik og frileik. Foreldra i undersøkinga er i hovudsak positive til korleis ungar brukar digitale einingar, dei følgjer med, deltek og sett rammene for dei digitale aktivitetene til ungene.

Det er likevel ikkje alltid like stor forståing for kvifor nettopp barnehagen skal gje ungar digital kompetanse, eller kva denne kan ha å seie i ein barnehagefagleg samanheng.

Ungar

Ungane i barnehagen er dei primære sluttbrukarane for arbeidet med IKT – det er den digitale kompetansen til ungene som er sluttmålet for arbeidet både i utdanninga og i barnehagen.

I tillegg til å stimulere eigeninteressen i IKT til barnehagelæraren framhevar utdannarar medverknad frå ungene og at barnehagelæraren må møte ungene der dei er. Dette kjem både av den «gratis» pedagogiske innfallsvinkelen ein får til ungene sin eigen kultur gjennom å vere merksam på det dei sjølv bringer til barnehagen (på denne måten kan ein arbeide med IKT utan eit einaste «verktøy» i barnehagen). For å oppfylle målsettingane i rammeplanen om å gje ungar «gryande digitale dugleikar» er det viktig at ungene sjølve får prøve verktøya og bli digitale produsentar – ikkje berre konsumentar.

Rapporten *Småbarns digitale univers* viser at ungar i alderen 0-6 år har ulik tilgang på IKT, somme manglar heilt er faring, andre har brei erfaring. Ein av konklusjonane i rapporten er at ungene i dag ikkje berre har *eitt*, men *fleire* digitale univers. Dei ulike behova ungene tek med seg til barnehagen, må dei pedagogisk tilsette kjenne til for å kunne gje eit tilpassa tilbod.

Det er lett å lese inn ein kasualitet eller ei «næringskjede» i denne framstillinga, med pilar som peikar nedover, som om krava frå departementet rislar ned gjennom systemet og til slutt kjem sluttbrukarane, ungene, til gode, i beste fall i konsentrert form – i verste fall ei utvatna form.

Slik ser det ikkje ut i den verkelege verda. Fleire av deltakarane i forprosjektet peikar på at det er i barnehagen det skjer mest på IKT-området. *BarnehageMonitor* peikar likeeins på at motivasjonen til barnehagelærarane for å arbeide digitalt ikkje kjem «ovanfrå», frå leiing eller strateginivå i barnehagen, men frå ungene sjølve. Mange av ungene er alt digitale konsumentar og produsentar.

Det vi ser er difor ein veksilverknad mellom nasjonale rammeplanskrav og praksisen til barnehagen, der behovet i barnehagane er det som gjer at barnehagelærarane også etterspør meir kunnskap.

Det er difor kanskje betre å bruke metaforen av ei kjede der det er ei mengd ledd som må koplast inn i kvarandre og fungere saman for å drive hjula på «det digitale toget». For at vi skal realisere målsetjingane om profesjonsfagleg digital kompetanse er det ei rekkje aktørar og tiltak som må dra i den same retninga.

²⁵ Senter for IKT i utdanninga 2011

“Det digitale toget”


For å gje kraft og framdrift i same retning, kan aktørane og tiltaka hengje saman som vogner som er kjeda saman og saman utgjer ”eit digital tog”.

Spørsmålet blir i så fall: Kor er det kjeda hoppar av? Om krava i rammeplanen formaliserer målsetjingane om å møte den digitale røynda som alt pregar kvardagen i barnehagen, kor langt har ein då kome i utdanningane?

Om vi einast fokuserer på utdanningshendinga (ikkje arbeidslivet til studentane og kvardagen i barnehagen), og ser på styringsverktøy og faktorar som vi kan styre, så er dei svake punkta, som vi har sett, fleire. Di fleire svake punkt i kjeda, di lengre veg kan vi gå ut frå at implementeringa får.

I illustrasjonen nedanfor illustrerer rektanget utdanningsinstitusjonen. Vi markerer dei svake punkta internt i utdanninga og i høve til omverda med raude strekar for å tydeleggjere kor viktige samanhengar kan gleppe.

SVAKE PUNKT SOM KAN UNDERGRAVE EI HEILSKAPLEG SATSING:



Det same biletet må vere utgangspunktet for ein diskusjon av kva ein kan gjere for å styrke den profesjonsfaglege digitale kompetansen i utdanningane – og hjå studentane. Ved å styrke desse ledda kan vi leggje til rette for ei heilskapleg satsing i eit nytt terreng.

6. Skifte kurs?


“Styrken ligg ikkje i rammeplanen – han ligg i menneska”, seier Henriette Jæger, høgskolelektor, Høgskolen i Oslo og Akershus, i eit intervju i forprosjektet som går i djupna. Ho viser då til dei personlege faktorane som spelar inn på om profesjonsfagleg digital kompetanse blir realisert i utdanninga og i barnehagen. Og som vi har sett er manglande detaljar i dei formelle krava til utdanningane berre ein liten del av svaret på kvifor barnehageutdanningane ligg etter med omsyn til profesjonsfagleg digital kompetanse.

Det er eldsjelene som har skapt dei gode døma og erfaringane som framtida vil tuftast på. Men det ønska kompetanseløftet i barnehagelærerutdanninga som blir etterspurd frå deltakarane i forprosjektet kjem ikkje frå eldsjeler åleine. Det krev nye strukturar og etablert praksis på alle nivå av utdanninga.

Å skape ein heilskapleg strategi for profesjonsfagleg digital kompetanse i barnehagelærerutdanninga ligg utanfor oppdraget til dette forprosjektet, og avhenger dessutan av at målsetjingar og ressursbruk blir ankra fast hjå alle aktørane.

Men frå arbeidet i forprosjektet er det identifisert ei rekkje tiltak som kan vera medverkande til å setje fart på arbeidet med den profesjonsfaglege digitale kompetansen i barnehageutdanninga. For å skape ein god vekselverknad mellom lovverk, utdanning og praksisfelt – og slik styrke dei svake ledda det blir peika på ovanfor – kan desse tiltaka organiserast i høve til den same kjeda som utfordringane:

MOGLEGE INNSATSOMRÅDE FOR Å STYRKE HEILSKAPEN:



Di sterkare denne kjeda er, di enklare blir det å implementere profesjonsfagleg digital kompetanse i barnehagelærerutdanninga.

Det «digitale toget» kan utnytte alle kreftene og oppnå maks fart.

Moglege vidare tiltak

Dei følgjande punkta er idear henta frå workshopen *Skifte kurs?*, supplert av idear frå intervju i djupna og uformelle samtalar. Somme av punkta er slått saman og omformulerte, men saman utgjer dei ei liste over moglege tiltak på dei ulike nivåa:

1. NASJONAL SAMORDNING

- Digital kompetanse må kome inn i læringsutbytteskildringane i alle kunnskapsområda i retningslinene og digital kompetanse må gjennomsyre rammeplanen for barnehagelærarutdanninga.
- *Profesjonsfagleg digital kompetanse* og omgrepa som er kopla til digital teknologi må operasjonaliserast og drøftast vidare.
- Det må bli produsert ein nasjonal plan / rettleiar for systematisk arbeid med profesjonsfagleg digital kompetanse i barnehagelærarutdanninga som kan bli tilpassa og ankra fast lokalt.
- "Vi treng ein nettstad med digital kompetanse der vi kan finne gode døme».
- Vi treng ressursar til kompetanseutvikling og etterutdanning (til kunnskapsområde og kompetansestrategi).
- Vi treng samlingar med kurs og inspirasjon, nasjonalt så vel som regionalt.
- Det bør skapast eit nasjonalt nettverk med høgskolane, ressursbarnehagar og IKT-senteret.
- Det bør lagast ein startpakke for BLU med gode døme, programvare og liknande.
- Det bør etablerast samarbeid med andre nasjonale tiltak som Nasjonalt Råd for Lærarutdanning (NRLU), Følgjegruppa for barnehagelærarutdanninga og så vidare.
- Satsingar / felles søknader om FoU²⁶-middel og SAK²⁷-middel bør bli koordinert frå nasjonalt hald.

²⁶ Forsking og Utvikling.

²⁷ Samarbeid, Arbeidsdeling og Konsentrasjon, Kunnskapsdepartementet sine middel som er sett av til å redusere fragmentering av høgare utdanning i Noreg gjennom auka samarbeid og arbeidsdeling mellom institusjonane.

2. FASTANKRING HJÅ LEIING

- Det bør innførast obligatoriske praksisperiodar for høgskoleleiinga for å ankre fast kunnskapen om ungar si eiga digitale røynd i eigne opplevingar.
- IKT-senteret bør hjelpe utdanningane med å setje IKT på agendaen lokalt.
- Utdanningane må sikre at det i alle prosjekta skal brukast IKT, uavhengig av kva prosjektet handlar om.
- Det trengs ressursar til kompetanseutvikling og etterutdanning.
- Det bør setjast eit nasjonalt krav om digital eksamensform.
- Det bør setjast eit nasjonalt krav om at utdanningane skal leggje til rette for å sikre utstyr til så vel administrative som pedagogiske oppgåver.

3. KOMPETANSEHEVING OG GOD SAMARBEIDSKULTUR

- Studieleiaren bør leggje til rette for delekultur med mentorordningar og systematisk tverrfagleg samarbeid.
- Ein bør formulere tydelegare krav til bruk av digitale verktøy i undervisninga på utdanninga.
- Studentane bør kunne opparbeide og vedlikehalde ein katalog av pedagogisk programvare for utdanninga.

4. STYRKE KOMPETANSEN TIL FAGLÆRAREN

- "Vi treng ein arena og møteplass for deling av ressursar og erfaringar på kunnskapsområdet".
- Regionale og nasjonale nettverk med faglærarar med fokus på kompetansebygging.

5. TETTARE SAMARBEID MED PRAKSISFELTET

- Det bør arbeidast med koordinering/samkøyring mellom praksis og utdanning, med dialog, møtepunkt, samarbeidsprosjekt og erfaringsdeling.
- Det burde bli knytta arbeidskrav til barnehagepraksisen til studentane.

Kategoriseringa av desse tiltaka er litt vilkårleg, fleire av dei kan passe på mange nivå, og tiltaka korresponderer ikkje nødvendigvis med dei nasjonale, regionale eller lokale ansvarsområda til institusjonane.

I denne omgangen er ideane tenkt samla inn som inspirasjon, med tanke på at dei aktørane som ønskjer å gjere ein innsats på området lett vil kunne identifisere sine eigne interesser og korresponderande handlingsrom i ei slik liste. Fleire av desse kan gjerast lokalt eller regionalt, med utgangspunkt i det eigne arbeidet i utdanningane. Andre krev ein nasjonal innsats gjennom koordinering og friske midlar for å kunne bli realiserte.

7. Konklusjonar

I forprosjektet har vi fokusert på å samle eldsjelene og aktørane innan digital kompetanse i barnehagelærerutdanninga. Vi har dokumentert landskapet og aktørane for å få eit bilete av status for implementeringsarbeidet av rammeplanen og vi har starta det som har vist seg å vere eit nødvendig nettverksarbeid med både fysiske og digitale møte.

I denne rapporten har vi lagt oss til eit breidt digitalt perspektiv, for å kombinere fokuset på tekniske dugleikar med innsikt i dagens barnekultur og refleksjon rundt didaktikk. Vi har sett at det krev digital kompetanse og eit heilskapleg digitalt perspektiv for å sjå korleis digitale verktoy og dugleikar er ein naturleg del av dei heilskaplege måla i rammeplanen.

Rapporten har vist det viktige med å ta fram ein eigen definisjon av PDK-omgrepet i barnehagesamanheng. Det finst viktig inspirasjon å hente i arbeidet med digital kompetanse i grunnskolen og i grunnskolelærerutdanninga, men definisjonane herifrå kan ein ikkje utan vidare overføre til barnehagen.

At rapporten for første gong leverer eit framlegg til kva «profesjonsfagleg digital kompetanse» er, er eit nybrottsarbeid og eitt av dei viktigaste resultatane frå forprosjektet. PDK-omgrepet er ein kompleks storleik som ikkje berre er éin, men mange kompetansar. Å starte arbeidet med å synleggjere innhaldet i omgrepet gjer det mogleg å handsame for aktørane og gjer det også mogleg både å bruke omgrepet samt å halde fram ein diskusjon om kva det betyr.

Vegen vidare

Gjennom dialogen med aktørane på feltet har vi fått skissert ei rekkje utfordringar. Mellom dei løysingane som melder seg på desse utfordringane har vi løfta dei eigne forslaga til aktørane og kategorisert desse i forslag til vidare arbeid for å sjå til at alle utdanningane blir med på lasset.

Tida er mogen for eit digitalt kompetanseløft i barnehageutdanninga. Om barnehageutbødet for framtida skal spegle samfunnet og ruste ungane til å vere kompetente deltakarar i samfunnet, må digital kompetanse vere ein naturleg del av arbeidet barnehagen gjer med utdanning. Dette må rammeplanen vere med på å implementere, både i utdanninga og i praksisfeltet.

Som vi har sett ligg barnehagelærerutdanninga langt etter grunnskolelærerutdanninga i implementering og evaluering av digitale tiltak. Vi håpar at denne studien kan reie grunnen for fleire prosjekt som kan gje meir kunnskap om det pågåande arbeidet i utdanningane, og sjå til at vi kan få svar på fleire av utfordringane som her er avdekka.

Ein av dei viktigaste konklusjonane i forprosjektet, byggd både på tilbakemeldinga frå aktørane så vel som dei ferske tala frå BarnehageMonitor, er at det største trykket på utdanningane kjem «nedanfrå». Behovet for å møte den digitale røynda til ungane er den største utfordringa utdanninga har.


Her ligg ei av dei største oppsidene for utdanningane: Eit tettare samarbeid med praksisbarnehagar og praksisfeltet elles. Dette skulle kunne innebære studiebesøk for leiing, barnehagelærarar som undervisarar på utdanningane og arbeidskrav til studentar, samt deira medverknad i katalogisering og vurdering av pedagogisk programvare.

Aktørane i forprosjektet har vist stor vilje til handling, noko som styrker føresetnadene for å skape varige, strukturelle endringar. Kanskje kjem dette nettopp av at barnehagefeltet har ein lang tradisjon av å vere lærande organisasjonar med stort fokus på praksis.

Uavhengig av motivasjon og vilje til forandring, tek denne typen av endringsprosessar tid – og avhenger av ressursar, til digitale verktøy så vel som tid og pengar til kompetanseutvikling. Som vi viser i idékatalogen av framlegg til tiltak i det førre kapittelet er det mange av oppgåvene som må starte hjå utdanningane, mellom anna med å etablere delekultur og digitalt mentorskap, samt eit tettare samarbeid med praksisfeltet.

Det er likevel viktig å peike på at ein får størst effekt ved å kople lokale og regionale tiltak med nasjonal koordinering, nettverksbygging og fysiske møte. Somme av tiltaka krev også nasjonale tiltak, både med koordinering, som satsing på nettverksbygging og ressursar til eit reellt kompetanseløft av den profesjonsfaglege digitale kompetansen til utdannarane sjølve.

Tilbakemeldinga frå deltakarane i forprosjektet var at IKT-senteret er ein viktig medspelar i dette arbeidet. Lokale planar for digital kompetanseheving bør ha støtte i ei nasjonal samordning, og her spelar IKT-senteret ein viktig rolle som medspelar for Kunnskapsdepartementet i arbeidet med rammeplan og -vilkår for utdanningane.



Ei ny barnehagelærarutdanning gjev tydelege krav om å skifte kurs ved å skulle ruste nyutdanna barnehagelærarar med digital kompetanse. Korleis kan vi støtte barnehagelærarutdanningsinstitusjonar i heile landet slik at ein ny kurs for utdanningane kjem heile barnehagesektoren til gode?

I dialog med institusjonar og barnehagar har vi undersøkt korleis den digitale tilstanden ser ut for dei som utdannar barnehagelærarar i landet, og korleis samarbeidet mellom utdanningane og praksisfeltet kan styrkje kvaliteten i heile feltet. For å hjelpe til med å skifte kurs føreslår vi i denne rapporten eit innhald til omgrepet profesjonsfagleg digital kompetanse med tiltak for det vidare arbeidet i barnehagelærarutdanninga.
